



# BACHELOROPPGÅVE

Høyr meg når eg ikkje seier noko, sjå meg  
når eg ikkje synes...

Ei oppgåve om dei stille barna og deira medverknad

Hear me when I don` t speak, see me  
when I am invisible...

A paper about the silent children and their complicity

**Kandidatnummer 8**

**Line Kvaløy**

BLU deltid arbeidsplassbasert, Førde  
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Hilde Alme

29. desember 2018

## Innholdsliste

1.0 Innleiing.....	4
1.1 Oppbygging av oppgåva .....	4
2.0 Teori .....	5
2.1 Dei stille barna .....	5
2.2 Kvifor vert nokre barn sjenerte? .....	6
2.3 Den vaksne si rolle.....	7
2.4 Medverknad .....	7
2.5 Dei stille borna og medverknad .....	9
3.0 Metode .....	10
3.1 Openheit og systematikk.....	10
3.2 Kvalitativ eller kvantitativ metode?.....	11
3.3 Etikk.....	11
3.4 Val av metode og informantar.....	12
4.0 Empiri .....	12
4.1 Borna som forsvinn i mengda.....	13
4.2 Vanskeleg å sette tal på.....	13
4.3 Dei stille, dei utagerande og dei i midten .....	13
4.4 Rammeplan og andre rammer.....	14
4.5 Medverknad og medbestemming .....	14
4.6 Medverknad gjennom observasjonar og intervju.....	15
5.0 Drøfting .....	15
5.1 Kven er dei stille borna? .....	15
5.2 Den signifikante andre.....	17
5.3 Kva er medverknad? .....	17
5.4 Korleis sikre at alle barn får medverke? .....	18
5.5 Barns medverknad som eit nymotens omgrep? .....	19
5.6 Er det nok medverknad i barnehagen?.....	19

6.0 Avslutning.....	20
Litteraturliste.....	21

## 1.0 Innleiing

Valet på tema kom då eg tenkte på ei hending i ein barnehage eg har jobba i. *Det er travle dagar i barnehagen, mange barn er på tilvenning og dei vaksne har armene fulle av barn som gret. Barna som har gått i barnehagen ei stund leikar rundt i rommet. Jonas på to år opnar skyvedørene til den mykje rolegare naboavdelinga, går inn og lukkar dei og set seg på golvet og leikar med bilar og garasje. Han får ikkje sete lenge før han blir henta inn att på «rett» avdeling: «du skal vere her du, Jonas». Han seier ingenting. Dette gjentar seg fleire gongar. Siste gang renn tårene, men Jonas seier ingenting. Inne på «rett» avdeling sitt Jonas åleine på golvet og ser rett fram med tårene rennande. Dei vaksne er opptatt med dei som skrik.*

I rammeplanen (Udir, 2018, s. 27) står det: «Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna». Jonas har eit godt verbalt språk, han brukar det berre ikkje så mykje. Sånn er Jonas. Mine tankar her var: Korleis kunne personalet handtert situasjonen annleis? Kor var Jonas sin rett til medverknad? Om Jonas hadde blitt sint og utagert, hadde situasjonen vore annleis? Må barna snakke for å få medverke?

Denne hendinga er berre ei av mange liknande eg har observert gjennom mange år i barnehage, og eg ville finne ut om det er slik at det alltid er slik at dei som skrik høgast får mest merksemd og blir mest høyrte.

Problemstillinga vert difor : **Kva kjenneteiknar dei stille borna, og korleis kan barnehagelærar sørge for at desse borna får medverke i eigen barnehagekvardag?**

Dei stille borna er eit vidt omgrep som rommar selektiv mutisme, sosial angst, sjenanse, introvert, innadvent og meir. I denne oppgåva vert omgrepet avgrensa til dei sjenanse og sosial angst, då desse omgrepa passar best til det eg eigentleg lurar på. I første del av teorien har eg likevel brukt orda introvert og ekstrovert for å få fram kor mange som er innunder kategorien «stille».

### 1.1 Oppbygging av oppgåva

I del 2 vert det vist til teori på områder som er relevant for tema og oppgåvas problemstilling. Det finnes mykje både eldre og nyare litteratur innafor desse tema, og det er blitt gjort bevisste val for å avgrense i forhold til kva som vert mest relevant for oppgåva. Teorien er delt opp i ulike kategoriar. Del 3 er metoddelen, her vert det presentert teori om metode generelt, om kvalitativ metode og om etikk. Til sist i denne delen er vala som er teke i denne oppgåva presentert. I fjerde del vert empirien presentert og funne vert i presentert i ulike kategoriar, og i femte del vert teori og empiri drøfta opp mot ein annan. I avslutninga vil eg prøve å svare på problemstillinga med hjelp av drøftinga.

## 2.0 Teori

### 2.1 Dei stille barna

I ei verd som der det å vere ekstrovert er idealet (Cain, 2013, s. 16), er det overraskande mange introverte. Cain (s. 15) skriv at det utifrå kva studie ein ser på er mellom ein tredel og halvparten av innbyggjarane i USA introverte, medan Lund (2012, s. 27) visar til studiar som hevdar at mellom 4 og 20% av barn mellom 4 og 18 år viser innagerande åtferd. Zimbardo (1981, s. 16-18) gjennomførte ei undersøkning på ca. 5000 menneske, og av desse svarte om lag 80 % at dei hadde vore sjenert i ei periode av livet, eller var sjenerte no. Berre 7% av dei spurte amerikanarane oppgav at dei aldri hadde vore sjenert, og ganske like tal gjaldt for andre etniske grupper. Uansett kva tal ein nyttar vil ein barnehagelærer møte slike born, men kva vil det eigentleg seie å vere introvert, sjenert eller å vise innagerande åtferd? Born kan vere stille utan at det er eit problem verken for dei sjølv eller menneske rundt dei. Dei som er introverte kan gjerne ha eit ynskje om å vere åleine i større eller mindre grad. Born er forskjellige, og må få vere det. Det er når åtferda hemmar læring, positiv samhandling og gjer oppleving av å ikkje høyre til at det å vere eit stille born vert eit problem (Barsøe, 2010, s. 27). Litt sjenanse er bra, men Flaten (2010, s. 11) peikar på at omgrepa sjenanse og sosial angst er overlappende og det er vanskeleg å finne eit klart skilje på der sjenanse sluttar og sosial angst startar. Når ein er litt sjenert vil ein klare å hanskast med det i kvardagen, men dersom ein er så sjenert at det hemmar ein i det sosiale livet kan det vere sosial angst, og det vil vere mykje vanskelegare å hanskast med det åleine. Zimbardo (1981, s. 16) beskriv sjenanse som ein komplisert tilstand, som går frå lett ubehag, via angst til verkeleg nevrose. Når ein veit at sjenanse kjennes ulikt ut for kvar enkelt person er det ikkje enkelt å gradere sjenanse og sosial angst på generelt grunnlag. Difor vert desse utrykka ofte brukt om ein annan, både i daglegtale og på fagspråk.

Å vere sjenert er ei kjenslemessig tilstand som fører med seg fysiske ubehag i varierende grad, slik som rødming, sveitning, hjartebank og liknande. Barn kan i tillegg virke som dei har ei dårleg motorisk utvikling, virka stive eller slappe i muskulaturen, mens dei eigentleg er engstelege (Barsøe, 2010, s. 32). Flaten (2010, s 79-80) skriv at vaksne ofte har lært seg å skjule sitt ubehag, medan born ikkje har same evna til å skilje mellom kjensler og åtferd, og reagerer gjerne med å skjule ansiktet sitt, blir stille og uttrykkslause. Desse borna kan ofte verke avvisande for andre born og vaksne, sidan dei ofte ikkje har blikkontakt. Det kan verke som dei ikkje ynskjer kontakt med andre (Barsøe, 2010, s 30). «Alle emosjonelle signaler er slått av, og det er lite som kan oppmuntre en samhandlingspartner til å fortsette kontakten» (Flaten, 2010, s. 84). «Shy children tend to display rigid and highly constrained behaviors, removing themselves from opportunities to engage in social interaction despite an interest to engage socially with others» (Sette, Hipton, Zava, Baumgartner & Coplan, 2018). Det kan verke som borna ikkje vil ha kontakt, men slik Sette et. al skriv er ikkje det nødvendigvis tilfelle. Borna kan ha eit ynskje om sosial kontakt med andre men ikkje klare å vise det, eller ha følelsen av å ikkje vere god nok.

Tankane til born med sjenanse tar gjerne eigne vegar slik at problem vert forsterka, situasjonar over analysert, og sjølvtillita kan verte svekka sidan dei sjenerte ofte trur andre tenkjer negativt om dei. Desse borna har ofte ei negativ oppfatning av sin eigen sosiale kompetanse og relasjonane til andre (Lund, 2012, s. 15). Dei tenkjer gjerne at deira ynskjer og behov ikkje er viktig, og vil oppfylle andre sine til det sjølvutslettande (Barsøe, 2010, s. 33). «Kjernen i sosial angst er angsten for å bli evaluert av andre, det at man skal merke seg ut slik at man blir gjenstand for andres oppmerksomhet» (Flaten, 2010, s. 32). Difor kan ein ofte observere sjenerte born/born med sosial angst prøve å unngå slike situasjonar, blant anna ved å gøyme seg bort eller seie at dei har vondt både her og der (Barsøe, 2010, s. 30). Ubehaget med å vere i eller å tenkje på å vere i slike situasjonar kan skapa stressrelaterte smerter, så ein kan ikkje tenkje at barna ikkje snakkar sant berre for å unngå situasjonen.

## 2.2 Kvifor vert nokre barn sjenerte?

Det er ulike teoriar på kvifor nokre menneske vert sjenerte. Ler (2014, s. 6) viser i si masteroppgåve til medisinske, psykologiske, sosiologiske og sosialpsykologiske forklaringsmodellar på åtferdsproblem. Videre skriv ho at dei ulike forklaringsmodellane har ulike forståingar på kva som ligg til grunn for den stille åtferda, blant anna at årsaka i den medisinske forklaringa er kjemisk-biologisk ubalanse hos personen. Dei andre forklaringsmodellane går i følgje Ler (s.7) på arv, miljø, relasjonelle og kontekstuelle faktorar. Dette samsvarer med Flaten (2010, s. 87) som skriv: « Barn blir formet av omgivelsene, av de valg, og muligheter for erfaring, miljøpåvirkning og tilbakemelding som er der.» Flaten viser også til Smith og Ulvund som snakkar om gjensidig tilpassing av medfødde tendensar og omgjevningar. Ein kan altså seie at arv og miljø står i dialektisk forhold til kvarandre.

Lund (2012, s. 35) forklarar den sosialpsykologiske tilnærminga med at det handlar om det sosiale samspelet mellom menneske, og korleis dei vert forma av situasjonar, haldningar, verdiar og sosiale system. Videre beskriv ho symbolsk interaksjon som eit grunnleggande område innanfor sosialpsykologi, og ein av dei som er kjente innanfor dette er Georg Herbert Mead. Han utvikla det som vert kalla speglingsteorien, det at menneske speilar seg i andre sine reaksjonar på dei sjølv. «Mennesker er i dette perspektivet pragmatiske aktører som stadig justerer sin atferd i forhold til andres handlinger.» (Lund, s. 42). Eit sentralt punkt her er at det ikkje nødvendigvis er den faktiske reaksjonen mennesket speilar seg i, men deira tolking og følelse av reaksjonen. Sjølv vil i den symbolske interaksjonistiske teorien utviklast i interaksjon med andre. Mead delte sjølv mellom det bevisste meg og det ubevisste eg. Det bevisste meg vil observere og tolke andre sine reaksjonar på seg, og når mennesket tolkar reaksjonane «feil» vil sjølv gjerne utvikle seg i ei retning som ikkje treng å vere slik det kunne vore. Til dømes kan eit barn som er sjenert vise ei åtferd som kan verke som at dei ikkje vil ha sosial kontakt, sjølv om dei som tidlegare nemnt gjerne har eit stort ynskje om det. Dersom dei andre overser dei på grunn av dette, kan barnet føle seg usynleg og derfor verte enda meir stille og inneslutta. Det blir som ein vond sirkel.

## 2.3 Den vaksne si rolle

Som tidlegare nemnt må ein skilje mellom det å vere introvert i den grad borna har eit ynskje om å vere åleine, at det ikkje hemmar borna sosialt og at borna har det bra, og det å vere så sjenert at det grensar til eller er sosial angst, og det hemmar interaksjon med andre. Borna må få vere stille og åleine dersom det ikkje er eit problem for dei eller omverda, men når det vert eit problem må dei vaksne gripe tak. Dei vaksne må vere den signifikante andre for desse barna, og må ha ei anerkjennande haldning som ligg til grunn i alt som vert gjort, alle tiltak og alle interaksjonar. «Anerkjennelse innebærer evne til å sette seg inn i den andres perspektiv og gjøre alt for å prøve å forstå den andres subjektivitet» (Lund, 2012, s. 103). Det vil seie at ein må prøve å forstå perspektivet til den andre i relasjonen, forstå kva den andre føler. Det er ikkje mogleg å forstå ein anna person fullt ut, men å forsøke, og å vise at ein forsøker utan å dømme eller bagatellisere på nokon som helst måte vil vise ei anerkjennande haldning. Med ei slik haldning kan ein vere det Jerome Bruner (1915-2016) kalla eit støttande stillas. Ein kan ikkje fortelje eit sjenert barn at det må slutte å vere sjenert, men ein kan vere der som eit slags stillas når barnet vert utfordra sosialt, ein barnet kan støtte seg til mens det sjølv gjer jobben. Vygotskij snakka om den proksimale eller nære utviklingssona, det er sona mellom det barnet kan allereie og det barnet ikkje meistar ennå. Barnet treng utfordringar for å utvikle seg, men utfordringane kan ikkje vere for store, då vil barnet gje opp og gjerne føle at dei ikkje er gode nok. I denne sona er det viktig å vere dette støttande stillaset og støtte barnet når det vert utfordra sosialt. Grunnen til at barnet treng sosiale utfordringar er fordi sjenansen eller angsten ikkje skal få fortsetje slik den er (Flaten, 2010, s. 158), og dermed forringe livskvaliteten.

Når barna ikkje seier noko, kan det vere vanskeleg å lytte. Men det er gjerne her det er viktigast å verkeleg lytte. For å lytte til det som ikkje kan høyrast, men observerast må ein vere klar over at tolkingane vil vere prega av eins eigen forståing av det tilbaketrente åtferdsuttrykket ( Lund, 2012, s. 106). Den anerkjennande haldninga vil her vere sentral, at ein opnar opp for å forstå det ein ikkje ser eller høyrer også. Ein må vise barnet omsorg, vere den tryggheta barnet treng for å etter kvart opne seg meir og meir.

## 2.4 Medverknad

Artikkel 12 i FN's barnekonvensjon (2003) handlar om barns rett til å uttrykke seg, bli høyrte og at deira synspunkt skal bli tatt på alvor. Det er dette barnehagelova (2005) har implementert i §3, og rammeplanen (2017, s. 27) skriv om i kapittel 4. Men kva er medverknad, skal barna få bestemme alt, og dei vaksne gjere som barna seier? Eller skal den vaksne legge fram leverpostei og skinkeost, la barna velje eit av dei og seie at no har barna medverka? Nei, sjølvsagt ikkje. At born har rett til medverknad ligg litt i ordet; MEDverknad. Barna skal saman med vaksne og andre barn påverke kvardagen i barnehagen. Barna skal ha rett til å uttrykke seg ut frå eigne premisser, forstå at dei vert høyrte, og at det dei uttrykte hadde betydning. Med andre ord skal det vere likeverd, barna skal ikkje bestemme alt, og dei vaksne skal ikkje bruke sin overlegne

kunnskap og makt til å få borna til å gjere som dei vil. Barna skal kjenne at deira meiningar betyr noko. Å gje barna val med alternativ er ikkje det same som at barna får medverke, det er medbestemming eller sjølvbestemming. Desse omgrepa kan vere ein del av medverknadsomgrepet, men her er det altså dei vaksne som gjer dei vala. Medverknad går djupare enn medbestemming og sjølvbestemming, og handlar om at barna skal blir sett, høyrte og respektert for den dei er og det dei meiner. Bae (2006, s. 11) skriv: «En fallgruve er at man tolker § 3 i individualistisk retning, i den betydning at barns selvbestemmelse blir det dominerende og at forholdet til andre, både barn og voksne, forsvinner i bakgrunnen.» Dersom dette skjer forsvinn noko av det Bae peikar på, nemleg at medverknad er at barn si stemme skal ha ei verknad i *felleskapet* (s. 8). Det er ein demokratiprosess, der barn og vaksne saman jobbar for fellesskapets beste.

Medverknad handlar altså i stor grad om at deira meiningar og synspunkt betyr noko for fellesskapet, men også at dei får påverke sin eigen kvardag. Eide og Winger (2018, s. 33) peikar på at når barna får erfare at dei har innflytelse, får utøve medverknad og at deira deltaking og tilstadeværing betyr noko for andre er viktig for deira livskvalitet, sjølvverd og meistringskjensle. Det skal bli gitt tid og rom for at alle barn skal få virke i fellesskapet, men også det Franck og Glaser (2014, s. 308) peikar på, at borna skal få støtte i å uttrykke seg. Dette tolkar dei som at dei barnehagetilsette har eit ansvar til å bidra slik at barnas synspunkt vert synlege, forstått og anerkjent i fellesskapet. For å oppnå dette, må barnehagepersonalet vere støttande og lydhøyre, og ikkje fysisk eller psykisk utilgjengeleg (Bae, 2018, s. 63). Wolf (2018, s. 20) viser til Bente Svenning som skreiv:

For meg handler barns medvirkning om syn på barn. Et syn som tar utgangspunkt i at det er umulig å være menneske uten å ha erfaringer og kompetanser og at dette bør møtes med respekt, interesse og få betydning for handlingsvalg.

Barna må få erfaring med å ta val, samarbeide med andre og ytre si eiga meining. Desse erfaringane skal barnehagepersonalet gje dei, ved å gje dei den støtta Franck og Glaser viser til. Synet på barn og barndom har endra seg frå at barn er umodne og inkompetente og at barndomen er førebuing på å verta vaksen, til at no vert barna sett på som kompetente og handlande, og barndomen har ein eigenverdi. Å sjå denne eigenverdien, la barna vere barn og ikkje små vaksne er ein del av det å la barna medverke. Bae (2012, s. 20) seier at det kan vere problematisk at vaksne overdriv retten til medverknad, at dei heile tida vil ha barnas syn og meiningar, sjølv når barna ikkje ønskjer å meine noko. Barn må få vere uansvarlege og ikkje meine noko, det er ein viktig del av den bekymringsfriheita det er å vere barn. Barn verken kan eller ønsker å meine noko om «viktige» saker heile tida. Dette samsvarar med det Eide og Wagner (2018, s. 30) skriv:

Det har vært drøftet om medvirkning vil være belastende for barn, og om det er etisk betenkelig å la barna få innsyn i voksensamfunnets utfordringer og dilemmaer. Det har med andre ord vært tatt til orde for at barn bør kunne slippe å medvirke.



Barna har ikkje dei same erfaringane som vaksne, vaksne har gjerne gløymt dei erfaringane barna sitt med. Uttrykket «kua som har gløymt at ho har vore kalv» passar godt inn her, med eit «gamaldags» barnesyn kan ein synest at å forstå borna og deira måte å utrykke seg på kan vere vanskeleg, og om ein ikkje forstår det barna uttrykk kan ein heller ikkje anerkjenne det. Om barna ikkje vil meine noko, må det også bli anerkjent.

Svenning (2018, s. 26) skriv om korleis barnehagen dokumenterer kvardagen til borna, og meiner det gjennom det ho kallar eit dominerande syn skapar praksisar der barn vert forma til å passa inn i ønska rammer. Ho visar til at sjølv om borna er aktive med å velje sin måte å vere på, styrer normene og moglegheitene i dei ulike miljøa og aktivitetane som vert gitt borna korleis dei kan framstille seg sjølv. Dei vaksne meiner gjerne at borna har fått medverke, og kanskje dei har det også i ein grad. Men dei har ikkje medverka fullt ut, og Svenning skriv vidare at dette kan på konsekvensar for bornas forståing av seg sjølv, dei føler seg gjerne ikkje slik dei vert framstilt gjennom teikningar, bilete og tekst. Dei har gjerne ikkje fått velje kva teikning som vert hengt opp på veggen, dei hadde gjerne ikkje den same opplevinga som bileta og teksten på barnehagenettsida viser. Nokon barn kan då føle at deira oppleving var feil, og det som vart framstilt av andre er det rette. Dette kan føre til at borna kan verte meir usikker på eigne meiningar, følelsar og erfaringar, som igjen kan føre til at dei føler lågare sjølvverd, livskvalitet og meistringskjensle.

Planleggingsarbeid, evaluering, dokumentering og anna administrerande arbeid, praktisk arbeid og gjerne lav bemanning på grunn av lite vikarbruk kan føre til at barnehagelærarar får mindre tid med borna, dette er i tråd med forskning som Eide & Winger (2018, s. 39) viser til; at barnehagelærarar har fått mindre tid til borna. Vidare skriv dei at barnehagelærarar har fått endra arbeidsoppgåver og vert stilt fleire krav til enn før, medan krava om å sjå alle borna og gje dei moglegheit til å medverke i sin eigen barnehagekvardag er uendra. Dette fører naturlegvis til dilemma for barnehagelæraren, er tida med barna det viktigaste, eller er det alle dei krava som vert stilt som tar tid vekk frå barna? Eide & Winger (s.40) skriv at barnehagelærarens kunnskap er viktig både når det gjeld å møte og samhandle med borna, foreldra og personalet, men også i didaktisk arbeid som planlegging. Det er med andre ord viktig med nok utdanna personale i barnehagen for å dekke alle områda, og at desse har god kompetanse innan mellom anna relasjonar og samarbeid.

## 2.5 Dei stille borna og medverknad

Når borna seier meininga si og uttrykker klart om dei er einig eller ueinig kan medverknad verke som ein om ikkje enkel så iallfall ein overkommeleg ting. Men kva med dei borna som ikkje gjer uttrykk for det dei meiner eller ynskjer? Enten dei som ikkje har verbalt språk, eller dei som av ulike grunnar ikkje nyttar det?

Også dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om sine eigne vilkår. Barnehagen må observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn. (Udir, 2017, s. 27).

Franck og Glaser (2014, s. 307) skriv at enkelte barn kan risikere å ikkje bli høyrde, fordi dei bryt normer for samspel og kommunikasjon. Dette gjeld blant anna dei stille borna som gjerne ikkje bruker sitt verbale ordforråd, som ikkje «skrik høgast eller snakkar mest». Det er lett å oversjå barn som ikkje gjer så mykje av seg, dei som stort sett gjer det som vert forventa av dei (Evenstad 2007, sitert i Johannesen og Sandvik, 2008, s. 72). Dei barna som heile tida hevdar «sin rett», som krev og gjerne utagerer er lettare å lytte til enn dei som er innagerande, stille og sjenerte. «For å kunne bli hørt, påvirke og delta i barnehagen er det viktig at barnehagepersonalet har utviklet en følsomhet og evne til å søke å forstå ulike uttrykk og kommunikasjonsformer» (Frank og Glaser, 2014, s. 310-311). Det er difor viktig at personalet kjenner borna godt, og tonar seg inn på deira uttrykksformer. Det kan vere eit blikk, eit nikk, ei vegring, eit ansiktsuttrykk, eller gjerne berre ei stillheit. Denne stillheita kan bety mykje, Johannesen og Sandvik (2008, s. 73) skriv at stillheita kan vere at barna ikkje ynskjer å dele sine tankar og sitt fokus eller intensjonar med andre eller at barnet demonstrerer kva som finnes av meir forlokkande alternativ. Stillheita kan også vere som protest (s.74), til dømes at den vaksne invaderer leiken eller dei vaksne sine mange planar. Videre skriv Johannesen og Sandvik (s. 76-80) at stillheita kan vere at barna lyttar, tenkjer, og/eller er tilbakehalden. Uansett kva som er grunnen til stillheita, og kvifor borna er stille, er det viktig å sjå stillheita som ein form for medverknad. Personalet må lytte til stillheita, og ikkje sjå den som eit ynskje om å ikkje medverke. Det vert sagt mykje utan å seie noko, ein må berre lytte på rett måte.

### 3.0 Metode

#### 3.1 Openheit og systematikk

For å kunne finne svaret på det ein lurar på må ein undersøkje, og verktøyet som vert nytta innanfor vitskaplege undersøkingar er metode. Jacobsen (2015, s. 18) skriv at det er skilnad på det han kallar dagleglivets forskning, og undersøkingar med vitskaplege prinsipp. Dagleglivets forskning er å stille spørsmål og det å leita etter forklaringar, medan å undersøkje etter vitskaplege prinsipp krev openheit og systematikk. Vidare skriv Jacobsen: «forskning og undersøkelser kjennetegnes nettopp av at innsamling, behandling og presentasjon av data er systematisk». Å samle inn data er ein prosess som krev fleire val, skal ein velje å bruke allereie eksisterande litteratur, eller skal ein samle inn nye data? Om ein vel å samle inn nye data, må ein igjen velje mellom kvalitativ eller kvantitativ metode, og deretter må ein ta val på kva design ein skal bruke, kva informantar ein bruker og liknande. Når ein analyserer data må ein ta val på kva kategoriar ein dannar, korleis ein forenkler teksten korleis ein behandlar data og liknande. Korleis ein skal presentere data krev også val, som korleis ein skal bygge opp teksten, kva teori ein set saman med funna og anna. I tillegg kjem etiske val i heile prosessen.

Desse vala leiar oss til det andre punktet som er naudsynt i vitskaplege undersøkingar, openheit. Openheit er viktig for at ein lesar skal kunne forstå undersøkinga, og dei vala som er teke i prosessen. «I metoden krever vi at slike valg tas *eksplisitt*, det vil si at vi sier åpent hvilke valg vi har tatt, og at vi begrunner

hvorfor» (Jacobsen, s. 18). Ein kan altså finne ut mykje ved å stille spørsmål og leite etter forklaringar, men ein må gå grundigare til verks for å kalle det ei vitskapleg undersøking.

### 3.2 Kvalitativ metode

Kva som er den beste metoden kjem an på kva problemstillinga er. Kvalitativ tilnærming går meir i djupna, og er oftast nytta når hensikta er å få ei forståing av noko man kjenner dårleg til (Jacobsen, 2015, s. 55), medan kvantitativ metode vert mest nytta når ein vil undersøkje kor vanleg (eller uvanleg) eit fenomen er (Jacobsen, s.64). De forskningsetiske komiteene (2010) beskriv det slik:

Dersom forskernes innsikt i feltet derimot er begrenset, vil spørreskjemaer som kun reflekterer en snever forskerbasert innsikt, være et dårlig redskap for å utvide kunnskapen på området. I slike tilfeller er kvalitative forskningsmetoder godt egnet som en tilnærming til det ukjente.

Ein kan seie at dersom ein ynskjer å vete korleis barna har det i barnehagen eller kva barnehagelæraren meiner om pedagognorma må ein bruke kvalitativ metode, men dersom ein ynskjer å finne ut kor mange barn i kvar aldersgruppe som går i barnehage eller kor mange barnehagar som har nok pedagogisk personale må ein bruke kvantitativ metode.

### 3.3 Etikk

Det er fleire etiske aspekt som må takast omsyn til når ein driv med vitskaplege undersøkingar. Jacobsen (2015, s. 31) skriv: «Uansett fagdisiplin opereres det med tre grunnleggende krav som en undersøkelse på andre mennesker bør forsøke å tilfredstille: informert samtykke, krav til privatliv og krav til å bli korrekt gjengitt». Informanten må få informasjon om kva undersøkinga går ut på, kvifor den vert gjort og kva den skal bli brukt til før han eller ho bestemmer seg for om han eller ho vil vere med. Informanten må også kunne trekke seg når som helst i prosessen.

Når det gjeld retten til privatliv nemner Jacobsen (s.33-34) tre element som må drøftast nøye etisk; kor følsam informasjonen som vert samla inn er, kor privat den er og kor stor moglegheit det er for å identifisere enkeltpersonar utifrå dataene. «Konsekvensetikken vil spørre etter løsninger som bærer størst mulig grad av nytte (...) og minst mulig grad av smerte i den konkrete situasjon» (Eidhamar & Leer-Salvesen, 2017, s. 44). Ein må altså sjå på om det ein spør om vert for følsamt eller privat, og om det då er naudsynt å ha det med.

I presentasjonen av data skal det ikkje vere mogleg å identifisere enkeltpersonar. Jacobsen (2015, s. 34) skriv «anonymitet innebærer at det skal være umulig å koble informasjon med opplysninger om enkeltpersoners identitet». Ein må i nokre tilfelle gjere tiltak for å sikre anonymitet. Desse tiltaka kan vere å bruke få detaljar når ein beskriv informanten, gjerne å utelata nokre opplysningar, og i nokre tilfelle bevisst bruke feile opplysningar, slik som feil alder eller bustad.

«Den som har blitt undersøkt, har krav på fullstendig gjengivelse» (Jacobsen, s. 36). Det betyr ikkje at alt råmateriale skal publisierast, men at sitat ikkje vert tatt utav samanheng og satt i ein ny kontekst. Man skal heller ikkje forfalske resultatane, verken ved å utelate dei eller ved å fikse på dei.

Jacobsen skriv vidare (s.37-38) at desse krava bør sjåast på som ideal, då det vil vere nærast umogleg å gjennomføre empiriske undersøkingar om ein følger krava slavisk. Ein kan prøve det som vert kalla «onkeltesten». Den går ut på at undersøkjaren ser for seg ein kjær kjenning som den som vert undersøkt, og om det synest greitt å verte utsett for det undersøkinga vil medføre, vil det som regel vere etisk forsvarleg.

### 3.4 Val av metode og informantar

For å kunne svare på denne oppgåva si problemstilling vil det vere mest hensiktsmessig å bruke ei kvalitativ tilnærming, då hensikta med denne undersøkinga er å finne ut kva opplevingar og erfaringar fagfolk på området sitt inne med. Som datainnsamlingsmetode vert det nytta individuelle opne intervju, som har ei viss grad av strukturering, i denne oppgåva vil det seie at det er satt opp tema som skal tas opp under intervjuet. Ifølgje Jacobsen (2015, s. 89) eignar denne type metode seg godt for å få fram enkeltmenneskes egne oppfatningar og meiningar, men her ligg også svakheita ved metoden, nemleg at det vert få individ sine egne meiningar og oppfatningar som ligg til grunn for informasjonen. Dette gjer at ein må vere klar over at dette ikkje nødvendigvis er fleirtalet som meiner dette, dette bør ein også få fram i tolking og presentasjon.

Jacobsen (s.88) belyser at intervjuet bør føretas på eit begrensa antall informantar, fordi det tar mykje ressursar, og ein kan ende opp med så mykje informasjon at ein ikkje kan nytte det. Difor er det endå viktigare å finne informantar med god kunnskap og/eller erfaring om emna ein skal ta opp, slik at informasjonen vert relevant. Informantane til denne oppgåva er tre barnehagelærarar med ulik fartstid i faget, og grunnen til at dette var viktig var at i pilotstudiet presiserte informantane gjentatte gongar at ho ikkje hadde hatt noko undervising om medverknad, og at ho meinte det var komen med i barnehagelærarutdanninga i seinare år. Under intervjuet vart det nytta bandopptakar, og opptaka vart transkribert med størst mogleg nøyaktigheit. Vidare i teksten vil informantane bli gitt fiktive namn slik at anonymiteten vert beholdt. På grunn av ulike etiske aspekt vert ikkje heimby teke med, og det vert utelatt utsegn som var både privat og kjenslege.

### 4.0 Empiri

Informantane har ulik alder og fartstid i faget; Sissel er 25 år, og vart utdanna for nokre månader sidan. Ho har ikkje jobba i barnehage før. Heidi er 50 år, og vart utdanna for 25 år sidan. Ho har sidan jobba i 3 ulike barnehagar. Anne er 52 år, og vart utdanna for tre år sidan. Ho har jobba som dagmamma, i familiebarnehagar og i ein større barnehage i til saman rundt 25 år.

#### 4.1 Borna som forsvinn i mengda

På spørsmål om korleis dei vil beskrive dei stille borna og kva situasjonar som går igjen, svara alle barnehagelærarane at dei stille borna kan verke usynlege, at dei forsvinn i mengda. Sissel seier at det ofte er dei stille borna som har dei sterkaste kjenslene, men at dei ikkje formidlar dei. Når dei ikkje vert sett kan dei bli endå meir tilbaketrekt, og kjenslene vert endå sterkare, akkurat som ein runddans. Anne peika på at ein gjerne kan sjå at dei stille borna er lei seg, men at dei ikkje gret eller viser det på andre måtar. For Heidi er dette ei fanesak, fordi det lett er slik at desse borna vert overkøyrde, dei mister status og med det sjølvkjensle. Dersom det ikkje vert sett inn tiltak kan det ende med at barna mister heilt trua på seg sjølv, på det han eller ho seier eller gjer, fordi dei kjenner at ingen bryr seg likevel. Både Anne og Heidi er opptatt av at sjenanse har fleire nivå, frå det å vere litt forsiktig til det som verkeleg hemmar borna.

Dei stille borna forsvinn meir i mengda i nokre situasjonar, meiner Sissel og Anne. Måltid, samlingsstund og overgangssituasjonar vert trekt fram som dei verste situasjonane. Anne er veldig opptatt av korleis borna vert teke imot om morgonen, og seier: «Det har mykje å seie for resten av dagen at det er nokon der som barnet er trygg på, at du har tid til å setje deg ned med dei på fanget til dei er klar». Heidi er meir opptatt av dei situasjonane borna er mindre stille, nemleg i små grupper med born og vaksne som barnet er trygg på. Her er det enklare for dei stille borna å tre fram, og det er enklare for dei vaksne å verkeleg sjå alle borna.

#### 4.2 Vanskeleg å sette tal på

Det var ikkje lett for nokre av barnehagelærarane å svara på kor mange born dei karakteriserer som stille eller sjenerte. Alle hadde nokre barn som var stille, men Sissel meinte det var vanskeleg å setje borna i ein bås. Heidi hadde fire av åtti no, og dette talet hadde gått nedover dei siste åra fordi ho og barnehagen hadde stort fokus på dei og hadde sett inn tiltak som kunne hjelpe. Tiltaka ho nemnte var blant anna små grupper, jobbe for å auke statusen til borna og eit kontaktskjema som alle i personalgruppa fylte ut. I det var heile poenget å bevisstgjere alle på kor mykje kontakt og kva type kontakt dei har med alle borna. Dei hadde fått seg nokre aha-opplevingar, der nokre born hadde veldig lite kontakt med vaksne i løpet av dagen fordi dei «gjekk under radaren». Anne sa at det hadde så mykje å seie kven som var rundt barna kor stille dei var, så ho kunne ikkje sette tal på det. På spørsmål om kva alder ein kan byrje å sjå om borna er sjenerte svara Sissel og Anne at det vert meir synleg når dei nærmar seg to år, før det kan det vere at barnet berre er forsiktig sidan det er mykje nytt som skjer i livet deira. Heidi meiner det er synleg frå borna er heilt små, at det er ein del av personlegdomen deira, men at det kan bli redusert eller forsterka dersom det er store grupper med små barn og få vaksne.

#### 4.3 Dei stille, dei utagerande og dei i midten

Når det gjeld korleis dei stille borna er i forholdet til dei andre borna fortalte Anne at dette har dei akkurat jobba med i personalgruppa. Dei har lenge pleidd både å dele dei utagerande i ei gruppe og dei stille i ei

gruppe, og det å ha eit stille born og eit utagerande born saman for seg sjølv i ei gruppe. Dei hadde god erfaring med «både å dele, skjerme og blande». Men det som hadde slått dei når dei snakka om det var borna i midten, dei ho kalla dei «normale» i hermeteikn. Desse borna i midten som snakka med dei når dei vart snakka med, som leikte fint når det var leike tid, som gjorde alt som vart sagt når det vart sagt. Dei ein trur har det bra, som også mest truleg har det bra. Dei får som regel ingenting ekstra, dei flyt gjennom dagen. Det personalet hadde snakka om var at no skulle dei løfte desse barna meir, dei klarte ofte å dra med dei stille borna i leiken, samstundes som dei hadde ein beroligande effekt på dei utagerande borna dersom det ikkje var for mange av dei. Hos Heidi har dei hatt så stort fokus på dei stille borna at det ikkje er noko problem. Dei andre borna har lært at ting tar gjerne litt lenger tid før dei stille svarer på spørsmål eller seier det dei vil sei, men dei viser at dei har tid til å vente. Samstundes peikar ho på at det sjeldan vert nære vennskap mellom eit stille born og eit utagerande born, og seier : «så lenge dei er vere snill med kvarandre, respekterer kvarandre og omgåst på ein fin måte så spelar ikkje det noko rolle om dei er perlevenner eller ikkje». Sissel har observert at dei stille borna og dei utagerande borna startar å leike ilag, men at leiken mellom desse motsetnadane ikkje klarar å flyte bra og vert øydelagt. Dei stille borna kan derimot ha betre kompetanse på enkeltområde som gjer at dei klarar å stikke seg fram i nokre leikar. Dømer ho gav var at dei med små søsken var betre i dokkeleik og at dei gjerne velde songleikar dei stille kunne best.

#### 4.4 Rammeplan og andre rammer

Når dei fekk spørsmål om kva medverknad er, var det litt ulike svar. Både Sissel og Anne snakka om at dei observert kva barna var interessert i og la planer ut i frå det i tråd med fagområda i rammeplanen. Heidi sa at dei ikkje hadde så mange planar, men tok dagane «her og no». Ho meinte dagens rammeplan gjorde at barna vart fråteken mykje av friheita og moglegheit til medverknad, sjølv om krava til barnas rett til medverknad var store. Det gjorde at dagane ikkje gjekk opp. Tid, dårleg bemanning, store barnegrupper, økonomi, rom og utdanninga og erfaringa til dei som arbeider i barnehagen vart drege fram hos alle når dei fekk spørsmål om korleis rammene påverka barnas medverknadsrett. Sissel drog fram eksempel etter eksempel på at assistentar som har vore i jobben lenge let borna medverke mindre, medan Heidi sa at på grunn av erfaringa til alle dei tilsette klarte dei dette greitt sjølv om dei andre rammene var mindre gode. Dårleg økonomi og liten bemanning var alle sin kjepphest, det fører til mindre tid og dermed mindre moglegheit for bornas medverknad.

#### 4.5 Medverknad og medbestemming

I følgje Sissel og Heidi er skilnaden mellom medverknad og medbestemming meir teoretisk, i praksis er det ganske likt. Anne sa at å velje kva mat ein skulle lage og kva vottar ein skulle bruke var medbestemming, mens det å endre planar saman med ungane eller utifrå bornas interesser var medverknad. Alle barnehagelærarane snakka om at i store grupper er det ikkje så lett å la alle borna få medverke i alle ting, men dei la stor vekt på at ikkje berre dei som stakk seg mest fram skulle nå igjennom. For Heidi var det

nesten omvendt, då dei var så opptatt av at det mest stille barnet skulle få velje først. Ho meiner også at medverknad er eit nymotens ord, som i praksis er at borna får velje det som gagnar heile barnegruppa best, at ein tenkjer heilhetleg.

#### 4.6 Medverknad gjennom observasjonar og intervju

Heidi og Anne snakka også om at det ikkje er alt borna får bestemme, dei får til dømes ikkje bestemme om dei skal skifte bleie eller ha på regnbukse når det regner, men ting dei kan bestemme får dei bestemme. Anne sa at «veldig mange barn veit kva dei vil, men ikkje kva som er best for dei». Heidi meinte også at alder og modenhet spelte inn på kva barna fekk medverke i, og la til at sjølv dei minste barna får medverke i noko. Dei har til dømes bytta primærkontaktar fleire gongar, fordi nokre born knytta seg meir til ein annan enn den som opprinneleg var sett opp som primærkontakt.

Gjennom barneintervju har både Sissel og Heidi fått barnas innspel frå barna om kva dei tenkjer om barnehagekvardagen, og gjort endringar utifrå det. Anne brukar meir observasjonar og det borna snakkar om og viser interesse for i løpet av dagen når dei legg eller endrar planar. Som døme nemnte ho at dei opprinneleg skulle hatt Karsten og Petra som tema, men at på grunn av stor interesse blant nesten alle borna for Pokemon, var det blitt tema i staden. Dei borna som i starten ikkje verka interessert, blei dratt med av iveren til dei andre. På spørsmål om dei jobba systematisk med at dei stille borna skulle få medverke svara alle at det gjorde dei ikkje på nokon annan måte enn med dei andre borna. Alle borna skal sjåast og høyrast, ikkje berre dei stille. Ein må kjenne alle borna, og alle uttrykk seg på sin eigen måte.

### 5.0 Drøfting

#### 5.1 Kven er dei stille borna?

Gjennom møter med andre vil ein erfare at alle menneske er ulike og må få vere det. Nokre er veldig sosial og pratsam, nokre er utagerande, nokre er stille, og nokre er ein plass imellom der. Også innanfor omgrepet dei stille borna er det stor ulikheit, og som teori og informantar viser til treng det ikkje vere eit problem verken for den som er stille eller dei rundt. Nokre av dei stille borna ynskjer å vere stille og ynskjer å trekkje seg vekk og gjerne vere åleine litt, og må då få lov til det så lenge det ikkje går ut over deira sosiale verd. Litt sjenanse er bra, barna kan då vise ein sunn skepsis til ukjende og gjerne ville kjenne dei før dei slepp dei nærare inn på seg. Gjennom å observere andre si samhandling frå ei viss avstand kan dei gjerne tilpasse seg omgjevnadene lettare etter ei stund. Men det er når det blir slik Barsøe (2010) skriv, at åtferda hemmar den positive sosiale samhandlinga med andre og det skapar andre konsekvensar for barnet det er eit problem. Når sjenansen vert så sterk at den er overskyggande og kanskje på grensa til angst. Dette samsvarar med det informantane meiner, at alle har hatt eller har stille barn i barnegrupper, men sjenanse har ulike nivå. Som det vert vist til i teoridelen meiner også Zimbardo (1981) og Flaten (2010) dette.

Grensa mellom sjenanse og sosial angst er ikkje statisk, og det vil nok variere litt frå person til person når sjenansen vert angst. Når berre 7 % av dei spurte amerikanarane i Zimbardo (1981) si undersøking seier dei aldri har vore sjenert, så seier det seg sjølv at det må finnes mange ulike gradar av sjenanse, og også mange ulike oppfatningar av kva sjenanse er. Dette kan også vise seg i undersøkinga, der det var vanskeleg for informantane å talfeste kor mange dei ville kalle stille eller sjenerte. Heidi hadde 4 sjenerte born av 80 no, det er eit veldig lågt tal sett i samanheng med Zimbardo si undersøking. Dette kan tyde på ei oppfatning av at det berre er sjenanse når symptoma er sterke, og gjerne synlege. Zimbardo (s. 18) skriv vidare at nokre menneske ser ikkje på seg sjølv som sjenerte, men oppgjer likevel at dei har same symptoma på sjenanse som kjenneteikna ein sjenert person. Som vaksen sjenert er det i fleire tilfelle dei synlege symptoma som er verst, fordi ein då føler at alle ser på dei, og då veks symptoma og det ballar på seg. Likevel kan den vaksne som har det slik i stor grad forstå grunnen til desse symptoma, men det kan ofte ikkje borna. Då kan symptoma virke skremmande, og i tillegg til situasjonen som gjer at borna vert sjenert kan det verte overveldande. Dette kan vere i samsvar med Sissel si meining om at desse barna ofte har dei sterkaste kjenslene, men ikkje viser dei. Barna kan då lett gøyme seg vekk og vise ei så avvisande haldning at ein kan tru dei ikkje vil ha kontakt med andre, men slik som Sette m fl. (2018) skriv, dei har ofte eit stort ynskje og gjerne behov for det.

Sjølv om dei har det vondt inni seg så viser dei ofte ikkje kjensler, og når dei ikkje viser kjensler og går å ber på alt inni seg kan gjerne desse vonde kjenslene forverrast, det som Sissel kalla for ein runddans. Borna kan føle at dei ikkje er god nok, at deira ynskjer ikkje er rett og at andre er betre enn dei. Lund (2012) snakka om at desse borna har ei negativ oppfatning av si eiga sosiale kompetanse, og vil «utslette» eigne ynskjer og behov til fordel for andre. Dette har Heidi også sett, at å miste status og med det sjølvkjensle gjer at borna kan miste heilt trua på seg sjølv, for dei trur det dei seier ikkje betyr noko likevel. Ein kan sjå på dette i samanheng med delar av Mead sin speglingsteori, som går ut på at menneske speglar seg i reaksjonar dei får frå andre, eller deira eigen tolking og kjensle rundt denne. Reaksjonen frå dei andre kan gjerne ha vore positiv, men det sjenerte barnet tolka det negativt. Når dette skjer gjentatte gongar kan det slik som Heidi seier, gjere at borna mister heilt trua på seg sjølv.

Folk rundt ser gjerne ikkje at desse borna har det problematisk. Kanskje ser dei dei ikkje i det heile, informantane meiner desse borna verkar usynlege og lett kan forsvinne i mengda. Dei unngår ofte å tiltrekke seg merksemd, og har ofte ikkje blikkontakt. For å unngå å komme i situasjonar der dei får andre si merksemd kan dei klage på fysiske smerter som vondt i magen og vondt i hovudet. I nokre tilfelle har dei det gjerne, for stress kan gje slike symptom (Barsøe, 2010). Det kan også sjå ut som om borna har det greitt sidan dei ikkje gret eller viser andre kjensle. Men som Anne viser til, om ein ser etter kan ein gjerne sjå at dei er lei seg, ein må berre sjå dei godt nok.



## 5.2 Den signifikante andre

For å sjå borna godt nok må ein kjenne dei skikkeleg. Det er lettast både å sjå alle borna og kjenne alle borna i små barnegrupper best. Og som Heidi sa, det er i dei små gruppene med born og vaksne dei stille borna best trer fram. Her kan den vaksne lettare vere det støttande stillaset barnet treng i den proksimale utviklingssona for å tre meir og meir fram, slik at angsten ikkje skal få forsetje slik den er (Flaten, 2010). Det er også lettare å observere borna, og dermed «høyre» det dei stille borna ikkje seier. I desse gruppene kan ein ha berre stille born, stille born og dei som Anne kalla «normale» born saman eller stille born og born som er utagerande saman. Anne sa at dei hadde god erfaring med begge delar, dei stille borna får utfordra seg meir når dei er saman med dei meir utfordrande, det er då viktig at dei vaksne er med som den signifikante andre.

Ein må vise ei anerkjennande haldning i alt ein gjer, vise at «eg forstår dette er vanskeleg for deg, så eg er her for deg». Hos Heidi hadde dei eit kontaktskjema for å undersøkje og sikre at alle borna hadde positiv kontakt med vaksne kvar dag. Det verka som eit godt tiltak når ein veit at det ofte er dei som krev mest kontakt som får mest kontakt, og at dei stille då ofte vert oversett (Evenstad, 2007). Det er viktig at alle born kvar dag får vite at dei betyr noko, at dei kan noko, at nokon bryr seg, at nokon forstår dei og at nokon er der for dei når det trengs. Anne har sett at å vere den trygge basen når desse stille borna kjem på morgonen kan ha stor betyding for resten av dagen. At barnet blir sett når det kjem, får eit fang og får starte dagen slik. Gjennom denne handlinga viser dei barna den anerkjenninga Lund (2012) viser til, ein anerkjenn barnets behov for tryggleik og nærheit.

Anne og Sissel har sett at det er mykje nytt som hender i livet til born under to år, og vil ikkje karakterisere dei som stille eller sjenerte før det, sjølv om dei viser ei forsiktig framtoning. Heidi meiner ein kan sjå det frå borna er heilt små, men at det kan bli forsterka dersom det er store barnegrupper og få vaksne eller redusert dersom det er færre born og fleire vaksne. Det er fleire teoriar på kvifor nokre menneske har åtferdsproblem, det er nemnt både arv og miljø, medisinsk og relasjonelt (Ler, 2014). Det kan også vere ein kombinasjon, medfødde tendensar og omgjevnader kan ha eit dialektisk forhold (Flaten, 2010), og dette samsvarar med det Heidi meiner. Når eit lite barn som er stille som ein del av sin personlegdom er i store barnegrupper med få vaksne kan sjenansen verte forsterka, sidan det ofte er dei som krev mest merksemd som får mest merksemd. Om dei same borna er i små barnegrupper med større vaksentettleik kan sjenansen verte redusert sidan dei vaksne lettare kan sjå og anerkjenne kvart enkelt born.

## 5.3 Kva er medverknad?

Medverknad handlar om at barn og vaksne saman skal påverke kvardagen i barnehagen. Bae (2006) seier at dette er ein demokratiprosess der born og vaksne saman jobbar mot fellesskapets beste. Det må gå djupare enn at borna får velje kva dei skal ha på skiva eller om dei skal gå på tur hit eller dit. Dette samsvarar med det Anne meiner, at når dei legg planar saman med borna får borna medverke, medan når barna får velje

kva mat dei skal lage eller kva vottar den skal ha på seg så er det medbestemming. Sissel og Heidi meiner det er meir ein teoretisk skilnad. Medbestemming er ein del av medverknad, ein kan ikkje medverke om ein ikkje bestemmer noko. Men ein kan ikkje stoppe med barns medbestemming, då vert det ei snever tilnærming til medverknad. Om ein ser dette i samheng med det Bae skriv, at medverknad kan verte tolka for individualistisk, så kan ein setje spørsmålsteikn med det at borna får velje kva dei vil ha på skjeva er medbestemming, ein kan heller kalle det sjølvbestemming. Det er også ein viktig del av å jobbe med barn, men for fellesskapet beste er ikkje dette viktig. Barna skal bli sett, høyrte og respektert for den dei er, deira stemme skal bety noko for fellesskapet. Dei skal få kjenne at deira meining betyr noko, at det dei gjer uttrykk for gjer ein forandring. Då vil barna kjenne at deira deltaking betyr noko, slik Eide og Winger (2018) skriv, og med dette aukar deira meistringskjensle som kan føre til auka livskvalitet.

#### 5.4 Korleis sikre at alle barn får medverke?

Som Heidi sa, det er lettare for borna å tre fram i små grupper, og alle informantane meiner det er vanskeleg å la alle barn medverke i store barnegrupper. Det er gjerne her i dei små gruppene ein må starte for at ikkje berre dei som krev mest får medverke. Frank og Glaser (2014) skreiv at barna skal få støtte til å uttrykke seg, og i desse mindre gruppene vil det vere enklare. Her kan dei vaksne lettare konsentrere seg om enkeltborna, sjå dei som er mindre synleg og høyre dei som ikkje snakkar. To av barnehagelærarane bruker også barneintervju, og gjennom det vil barna bli støtta i og utfordra til å sei si meining. Riktig nok må borna ha verbalt språk for å bli intervjuet. Udir seier at også barn som ikkje nyttar verbalt språk har rett til å gje uttrykk for si meining, og Frank og Glaser seier at dei barna som bryt normer for kommunikasjon og samspel vil risikere å ikkje verte høyrte. Ei av desse normene er at kommunikasjon føregår i stor grad gjennom verbal kommunikasjon. Personalet i barnehagen må sjå forbi denne norma og vere følsame for alle typar kommunikasjon, og for å vere det må personalet vere til stades både fysisk og psykisk (Bae, 2018). Anne nyttar observasjonar for å sjå kva barna interesserer seg for, og endrar gjerne tema i tråd med det. For at dette skal vere ein god arbeidsmåte, må den som observerer vere til stades slik Bae beskriv. Det var ingen av informantane som jobba direkte for at dei stille borna som eksklusiv gruppe skulle få medverke, dei jobba for at alle born skal få medverke uavhengig av om dei er stille, utagerande eller «i midten». Vidare meinte dei at alle born uttrykk seg på sin eigen måte, og at ein må kjenne alle borna for å kunne tolke deira uttrykksmåte. Blant anna har dei i Heidi sin barnehage fleire gongar bytta bornas primærkontakt fordi barna ha *gitt uttrykk for at dei trivst betre med nokre andre*. Dette er born som har nytta nonverbal kommunikasjon, og personalet må ha vore lydhøyre for denne.

Svenning (2018) skreiv at medverknad handlar om synet på barn, at menneske treng erfaring og kompetanse for å vere eit menneske, og at dette må respekterast. Det er ikkje mogleg for eit barn å ha all den erfaringa dei vaksne har, og dei vaksne bør ikkje bruke si makt til å overkøyre barna. Dette betyr ikkje at barna skal få ture på og gjere akkurat det dei vil, for som Anne sa; mange barn veit kva dei vil, men ikkje

kva som er best for dei. Men dei vaksne må sjå på barndomen som ein eigenverdi, og la barna få erfaring med ulike ting, blant anna samarbeid og å ytre si meining, kjenne kva som skjer om dei går ut utan regnbukse når det regner og å ta val og stå for vala sine. Det å ikkje ville medverke er også medverknad, Bae (2012) skriv at barn må få vere uansvarlege og ikkje meine noko om dei ikkje vil. Det har også vore drøfta om medverknad kan vere belastande for barn (Eide og Wagner, 2018), men når det å ikkje meine noko også er ein del av medverknad, så kan ein diskutere om dette stemmer. Det må rett nok respekterast at barna ikkje ynskjer å medverke, og då kjem ein tilbake til at å medverke er blant anna å respektere barn og barndom. Det å ikkje ville medverke må ikkje forvekslast med stillheit. Ei stillheit kan seie så mykje, den kan vere ei protest mot at vaksne invaderer leiken, eller at barna demonstrerer kva som verkar meir forlokkande (Johannesen og Sandvik, 2008). Stillheita er ei nonverbal uttrykksform som er viktig å kunne tolke.

### 5.5 Barns medverknad som eit nymotens omgrep?

Barnehagar skal forholde seg til fleire lovar og føringar som seier at barn har rett til å medverke. For å oppfylle desse krava må ein vite om og forstå kva medverknad er. Det er ifølgje Heidi eit nymotens ord, og det samsvarar med det som kom fram i pilotundersøkinga, at det var lite om medverknad i førskulelærarundervisinga for 20 år sidan. Heidi var også utdanna for meir enn 20 år sidan, så deira oppfatning er lik på dette området. Det passar også inn med at barns rett til medverknad vart implementert i barnehagelova i 2005, før det var det ikkje ein del av lova. Likevel har det nok vore ein del av deira syn på barn lenger enn det, då begge dei nemnte har hatt det som ein del av sin praksis utan å ha brukt ordet medverknad. Sissel hadde ei oppfatning av at dei eldre assistentane tek frå barna mykje av moglegheita til å medverke, og også det kan ligge i at det er eit ganske nytt omgrep i lov og rammeplan. Synet på barn har som nemnt endra seg oppgjennom tidene også, frå at barndomen er ei førebuing til å verte vaksen til at no har barndomen ein eigenverdi. Det gjer at barna i større grad får medverke no. Svenning (2018) skriv derimot om det ho kallar eit dominerande syn. Sjølv om borna er aktive i å velje korleis dei vil vere, styrer normer og rammer moglegheitene til korleis dei kan framstille seg sjølv. Det er store krav til dokumentasjon i barnehagar no, og dersom dei tilsette til dømes tek bilete av borna og skriv ein tekst til om deira eigen oppfatning av situasjonen, kan det vere heilt ulikt borna si eiga oppfatning. Svenning skriv vidare at dette kan ha konsekvensar på barnets forståing av seg sjølv, og sei då kan føle lågare sjølvverd og livskvalitet. Heidi sa at det er lett for at dei stille borna vert overkøyrde, at dei mister status og sjølvkjensle, så i tråd med det Svenning meiner vil dette dominerande synet ha endå større konsekvensar for desse borna.

### 5.6 Er det nok medverknad i barnehagen?

Barnehagelærarane i undersøkinga peika alle på at det var større krav til medverknad no enn før, men at dei ofte fekk kjenne på at andre rammer som dårleg økonomi og lite bemanning gjorde at det var mindre moglegheit for barnas medverknad. Dette meiner også Eide og Winger (2018) som viser til forskning som

seier at barnehagelærarar har fått auka krav og endra arbeidsoppgåver, og dermed mindre tid saman med borna. Det er eit dilemma for barnehagelærarar, for den kunnskapen dei ber på er viktig i fleire ledd, både i relasjonar med barn, foreldre og personalet, men også didaktisk arbeid. Det er ikkje enkelt å sørgje for nok medverknad når det er for lite tid med borna, og alle informantane sakna betre økonomi til fleire godt nok utdanna personale. Heidi peika likevel på at erfarent personalet gjorde så godt dei kunne innanfor dei rammene dei hadde og klarte krava greitt sjølv om rammene ikkje var gode nok.

## 6.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg forsøkt å finne svar på problemstillinga: **Kva kjenneteiknar dei stille borna, og korleis kan barnehagelærar sørgje for at desse borna får medverke i eigen barnehagekvardag?** Ein ting eg har merka meg er at ein kan ikkje setje dei stille borna i ein bås, og seie at sånn er alle dei stille barna. Dei er ulike på mange områder, men noko som går igjen er at dei ikkje stikk seg fram i mengda. Dei snakkar gjerne ikkje først og høgast, men nokon av dei kan gjerne tre meir fram i mindre grupper. Informantane snakka varmt om desse mindre gruppene, her fekk dei stille borna mindre forhold og her fekk personalet betre moglegheit til å sjå og bli kjent med enkeltborna. Problemet var ofte at på grunn av ressursmangel vart det for liten tid til kvart enkelt born. For å kunne hjelpe borna å tre meir fram og ikkje gro fast i ein eventuell angst må personalet verkeleg kjenne borna, og vere der som det støttande stillaset. Å la barn medverke kan også vere lettare i desse gruppene, då det er lettare for personalet å tone seg inn på alle borna sin uttrykksmåte. Som det kjem fram i teksten så er medverknad meir enn det som vert sagt, så personalet må vere årvakne for alle uttrykksformer, sjå dei som ikkje blir sett og høyre det som ikkje blir sagt.

Både på biten om å hjelpe dei stille borna fram og på biten om medverknad sett eg igjen med tankar om at å vere den signifikante vaksne og å vere til stades med kropp og sjel er det rette. Dette kan verke vanskeleg når dagane er travle, når det er for mange born og for få vaksne i gruppene. Slik sånn i historia om Jonas i innleiinga viste, det var ikkje tid til å sjå hans uttrykksmåte, han uttrykte seg med handling, stillheit og tårer, ikkje gjennom ord. Dei som seier kva dei vil får nok i fleire situasjonar medverke meir til sin eigen barnehagekvardag. Det er nok ikkje fordi personalet er uvillig eller inkompetent, men fordi dei er for få. Det er mange krav som tek barnehagelærarar vekk frå borna, og når ein veit kor viktig det er med den kunnskapen dei ber på er for blant anna relasjonar mellom barn og barn, og barn og vaksne så verkar det feil at det skal vere sånn.

*Det må vere tid til å høyre dei som ikkje seier noko, til å sjå dei som ikkje synes.*

## Litteraturliste

- Bae, B. (2006). Perspektiver på barns medvirkning i barnehage. I B. Bae, B.J. Eide, N. Winger & A.E. Kristoffersen. *Temahefte om barns medvirkning*. (s. 6-26). Oslo: Kunnskapsforlaget. Henta frå [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/kd/red/2006/0107/ddd/pdfv/300463-temahefte\\_om\\_barns\\_medvirkning.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/kd/red/2006/0107/ddd/pdfv/300463-temahefte_om_barns_medvirkning.pdf)
- Bae, B. (2013). Barnehagebarns medvirkning- overordnede perspektiver og internasjonal forankring. I Bae, B. (red), Jansen, K. E., Sandvik, N., Fennefoss, A. T., Johannesen, N., Sverdrup, T., Tofteland, B. & Myrstad, A. *Medvirkning i barnehagen- potensialer i det uforursette*. (s. 13-31). Bergen: Fagbokforlaget.
- Bae, B. (2018). *Politikk, lek og læring-barnehagelivet frå mange kanter*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Barnekonvensjonen. (2003). FNs konvensjon om barnets rettigheter: Vedtatt av De Forente Nasjoner den 20. november 1989, ratifisert av Norge den 8. januar 1991: Revidert oversettelse mars 2003 med tilleggsprotokoller. Oslo: Barne- og familiedepartementet. Henta frå [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns\\_barnekonvensjon.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf)
- Barnehageloven. (2006) Lov om barnehager (LOV-2005-06-17-64). Henta frå [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64#KAPITTEL\\_2](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64#KAPITTEL_2)
- Barsøe, L. (2010) *Ville og stille barn i barnehagen- Veier ut av låste atferdsmønstre*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Cain, S. (2013). *Stille*. Oslo: Pax forlag A/S.
- De nasjonale forskningsetiske komiteene. (2010, 15. januar). Kvalitative og kvantitative forskningsmetoder – likheter og forskjeller. Henta frå: <https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Medisin-og-helse/Kvalitativ-forskning/1-Kvalitative-og-kvantitative-forskningsmetoder--likheter-og-forskjeller/>
- Eide, B.J. & Winger, N. (2018). «... være grei og snill, og for øvrig kan man gjøre kva man vil»? - Medvirkningens kår i dagens barnehage. I Wolf, K.D. & Svenning, S. B. (red.), *Perspektiver på barns medvirkning i barnehagen*. (s. 27- 42). Oslo: Universitetsforlaget.
- Eidhamar, L. G., Leer-Salvesen, P. (2017). *Nesten som deg selv- barn og etikk*. (5.utg). Oslo: Cappelen damm akademisk.
- Flaten, K. (2010). *Barn med sosial angst og sjenanse*. Oslo: Kommuneforlaget.

- Frank, K. & Glaser, V. (2014). Rett til medvirkning for barn med særskilte behov. I Sjøvik, P. (red). *En barnehage for alle- Spesialpedagogikk i barnehagelærerutdanningen*. (3. utg). (s. 304-323). Oslo: Universitetsforlaget.
- Jacobsen, D. I. (2015). *Forståelse, beskrivelse og forklaring- innføring i metode for helse og sosialfagene* (2.utg). Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Johannesen, N. & Sandvik, N. (2008). *Små barn og medvirkning- noen perspektiver*. Oslo: Cappelen Akademisk forlag.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen-innhald og oppgåver*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.
- Ler, H. (2014). *Hvem er de stille barna?: En teoretisk drøfting om barn som viser stille atferd*. (Mastergradsavhandling, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, Pedagogisk institutt). Henta frå: [https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/270090/753061\\_FULLTEXT01.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/270090/753061_FULLTEXT01.pdf?sequence=1&isAllowed=y)
- Lund, I. (2012). *Det stille atferdsproblemet- innagerende atferd i barnehage og skole*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Sette, S., Hipson, W. E., Zava, F., Baumgartner, E. & Coplan, R. J. (2018). Linking Shyness With Social and School Adjustment in Early Childhood: The Moderating Role of Inhibitory Control. *Early Education and Development*. 29(5), 674-690. doi: <https://doi-org.galanga.hvl.no/10.1080/10409289.2017.1422230>
- Svenning, B. (2018). Å se seg sjølv gjennom de voksnes øye. I Wolf, K.D. & Svenning, S. B. (red.), *Perspektiver på barns medvirkning i barnehagen*. (s.22- 26). Oslo: Universitetsforlaget.
- Wolf, K. D. (2018). Tid for barns medvirkning i barnehagen. I Wolf, K.D. & Svenning, S. B. (red.), *Perspektiver på barns medvirkning i barnehagen*. (s. 15-21). Oslo: Universitetsforlaget.
- Zimbardo, P. G. (1981). *Sjenanse*. Oslo: H. Aschehaug & co. Henta frå: [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2014021807198](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2014021807198)

Problemstilling: Kva kjenneteiknar dei stille og sjenerte borna, og korleis kan barnehagelærar sørgje for at desse borna får medverke i eigen barnehagekvardag?

Intervjuguide

### Generelt

1. Alder:
2. Antall år jobba i barnehage/antall barnehagar:
3. Utdanning og erfaring:

### Stille born

4. Korleis vil du beskrive dei stille/sjenerte barna? Er det spesielle situasjonar som går igjen utpeikar seg som gjer at borna vert ekstra stille?
5. Når meiner du ein kan sjå om borna er stille/sjenerte, er det nokon alder som utpeikar seg?
6. Kor mange barn vil du karakterisere som stille/sjenerte pr. barnegruppe?
7. Korleis er dei stille borna i forhold til dei andre borna? Og omvendt?

### Medverknad

8. Kva legg du i omgrepet medverknad?
  - Kva er forskjellen på medverknad og medbestemming?
9. På kva måte jobbar de med medverknad? (dersom relevant, er det forskjell på før og no? Korleis?)
  - Jobbar de systematisk med det?
10. Blir alle barn sett/høyrte kvar dag? Korleis sikrar de dette?
11. På kva måte påverkar størrelse på barnegruppa, antal personal og personalets utdanning og anna barnas medverknad?
12. Jobbar de systematisk med at dei stille/sjenerte barna får medverke? På kva måte?

Har du noko å tilføye det me har snakka om?

# Informasjonskriv bacheloroppgåve

Eg er student ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) campus Førde, går fjerde året på arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning, og skal i år skrive bachelor med innleveringsfrist 7. jan. 2019. Temaet for oppgåva er dei stille borna og medverknad, og fokus er på dei sjenerte borna. Problemstillinga er: kva kjenneteiknar dei stille og sjenerte borna, og korleis kan barnehagelærar sørge for at desse borna får medverke i eigen barnehagekvardag?

Eg skal gjere ei kvalitativ undersøking der eg vil høyre barnehagelærarars erfaring og syn på temaet, og spørsmåla går på ditt syn på og erfaring med dei stille/sjenerte borna, på medverknad og på desse bornas moglegheit på å medverke. Det vert gjennomført individuelle intervju som kan ta inntil ein time. Som hjelpemiddel vert det nytta bandopptakar, etter intervjuet vert informasjonen skrevet ned og opptaka sletta. Informasjonen vert analysert og brukt i oppgåva, det kan bli brukt direkte sitat.

Anonymitet er viktig, og verken du, din arbeidsplass eller anna skal kunne gjenkjennast i oppgåva. All informasjon skal oppbevarast utilgjengeleg for uvedkommande og vert sletta/destruert etter innlevering.

All deltaking er frivillig, og du kan når som helst trekke deg frå intervjuet eller trekke tilbake informasjon som er gitt under intervjuet.

Ved eventuelle spørsmål ta kontakt med meg på epost: [linegrindheim@hotmail.com](mailto:linegrindheim@hotmail.com) eller telefon 95189947.

Min rettleiar er Hilde Alme og har epost: [Hilde.Alme@hvl.no](mailto:Hilde.Alme@hvl.no)

Med vennleg helsing Line Kvaløy

## **Samtykke:**

Eg har lese og forstått informasjonen over, og gjer mitt samtykke til å delta i intervjuet

---

Stad og dato

---

Underskrift